

---

Saknr: 2019/146-3  
Saksbehandlar: Kenth Rune Teigen Måren

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		13.02.2020
Fylkesutvalet		14.02.2020
Fylkestinget		03.03.2020

**Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - oppnemning av saksordførar**

Forslag til innstilling

I arbeidet med mål og strategiar for vidaregåande opplæring oppnemner fylkestinget

.....  
som saksordførar.

**Samandrag**

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok i PS 1/2020 mandat og prosess for arbeidet med mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune. I vedtakspunkt 7 bad hovudutvalet fylkesrådmannen om å utarbeide ei eiga sak for oppnemning av saksordførar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok i PS 1/2020 mandat og prosess for arbeidet med mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune. I vedtaks punkt 7 bad hovudutvalet fylkesrådmannen om å utarbeide ei eiga sak for oppnemning av saksordførar.

Fylkesrådmannen viser *til Reglement for folkevalde organ og delegering*.

Saksordførarordninga skal leggje til rette for at ein folkevald på vegne av fylkestinget kan følgje og følgje opp ei sak gjennom saksbehandlinga. I reglement for fylkestinget punkt 3.7, saksordførarordning, står det at:

- *Saksordførarordninga skal leggje til rette for at ein politiskar på vegne av fylkestinget kan følgje og følgje opp ei sak gjennom saksføreavinga.*

Vidare står det i reglementet at saksordførarordninga skal:

- *styrke den politiske innsikta i sakene*
- *gi betre rom for politiske innspel i saksføreavinga*
- *ha eit samordningsansvar dersom saka omfattar fleire utval sitt arbeidsområde*
- *følgje saka gjennom heile prosessen, også ved saksbehandling i fylkesutvalet*

og mellom anna nyttast i

- *plansaker*
- *andre større saker etter nærare avgjerd, som til dømes i saker i dei fire hovudutvala og i finansutvalet*

Saka om mål og strategiar for vidaregåande opplæring er ei større sak i arbeidet med å etablere ein sektorplan.

Vedtakskompetanse

Mynde til å oppnemne saksordførar, nedfelt i *Reglement for folkevalde organ og delegering* for Vestland fylkeskommune, er lagd til fylkestinget.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Arbeidsvilkår og godtgjersle er fastsett i Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i vestland fylkeskommune

**Klima:** ingen effekt

**Folkehelse:** ingen effekt

**Regional planstrategi:** ingen effekt

Konklusjon

Hovudutval for opplæring og kompetanse har bede om at fylkesrådmannen utarbeider ei eiga sak for oppnemning av saksordførar. Saka om mål og strategiar for vidaregåande opplæring er ei større sak i arbeidet med å etablere ein sektorplan, og det er aktuelt å nytte saksordførar. Saksordførar blir oppnemnd av fylkestinget.